

Saksbehandlar: Karoline Bjerkeset
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 13/7192-2

Innspel til jordbruksforhandlingane 2014

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei vurderingar og synspunkt som ligg i fylkesrådmannens saksutgreiing og legg opp til at denne vert sendt inn som vår fråsegn i høve jordbruksoppgjeret for 2014.

Vedlegg:

1. Brev - Invitasjon til å gi innspel til jordbruksforhandlingane 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Meld. St. nr. 9 (2011-2012) Velkomen til bords

Fylkesdelplan for landbruk i Sogn og Fjordane 2002

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal gje høyringsuttale i samband med årets jordbruksoppgjer mellom staten og forhandlingspartane i jordbruket våren 2014. Sogn og Fjordane er eit fylke der jordbruket framleis står sterkt, men der jordbruket endrar seg i same retning som elles i landet. Fylket har gode føresetnader for å produsere mat basert på grovfør og auke produksjonen av frukt og bær til ein marknad som ikkje er metta. Næringa må ha inntektsmoglegheiter og stabile rammevilkår som gjer at det vert rekruttert nye utøvarar og at desse torer å investere for ein framtidsretta produksjon.

2. Framlegg til fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med jordbruksoppgjeret 2014

Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at lønsemda og inntektsmoglegheitene i jordbruket vert styrka. Det vert vist til St.meld.nr. 9 (2011-2012) Velkomen til bords, som legg opp til auka matproduksjon, ein variert bruksstruktur og eit landbruk over heile landet.

Sogn og Fjordane er eit fylke der jordbruk er ei viktig næring som skapar verdiar og gjev store ringverknader i andre næringar. Jordbruk og skogbruk står for 6% av verdiskapinga, og rundt 5% av arbeidsplassane i fylket. Eit velhalde kulturlandskap og lokal matproduksjon gjennom eit aktivt landbruk er ein viktig føresetnad for ei levedyktig reiselivsnæring. Sogn og Fjordane har særlege føresetnader for å drive produksjonar basert på grovfør og utmarksressursar. Frukt og bær er og viktige produksjonar og har synt klare resultat i form av auke i produksjon, marknadsdelar og verdiskaping. Desse produksjonane er avhengig av gode og stabile vilkår for å vekse vidare.

Sogn og Fjordane fylkeskommune viser særleg til følgjande:

1. Utviklinga syner at produksjonen i stadig større grad vert avhengig av kraftfôr og då kraftfôr av importert korn. Dette gjer at vi ikkje får nytte dei store ressursane som særleg Vestlandet har i form av grovfôr. Produksjonar basert på grovfôr og utmarksressursar må prioriterast. Næringsutøvarane må få ei inntekt som stimulerer til å vere med vidare, utvikle produksjonen og nytte ressursane. Dette er avgjerande for å oppretthalde ei aktiv næring og rekruttere nye næringsutøvarar.

Sogn og Fjordane er eit fylke med ein topografi som gjev særlege utfordringar med omsyn til effektiv produksjon. Bruka er meir tungdrivne, einingane er mindre, og det er store utfordringar knytt til transport for dei som driftar mykje leigejord. Distriktstilskot på kjøt og mjølk er viktige verkemiddel og må styrkast. Vidare må det stimulerast til satsing på sau gjennom innføring av driftstilskot på sau for auke attraktiviteten til denne næringa, og for at produksjonen av norsk kjøt skal aukast. Bruk av utmarksressursar må premierast for å få fleire dyr ut på beite, slik at ressursane i utmarka kan utnyttast betre, og at kulturlandskapet dermed vert halde i hevd.

Sogn og Fjordane er eit fylke som kan auke den marknadsretta produksjonen av frukt og bær. Det må setjast inn tiltak som resulterer til at det vert attraktivt å nytte norske råvarer i næringsmiddelindustrien. Denne industrien er avgjerande for ei vidare satsing på frukt og bær slik marknaden ønskjer.

2. Framtidig satsing på auka produksjon krev store investeringar, noko som gjev behov for investeringsverkemiddel, men og at det ligg stabile rammevilkår til grunn slik at fleire tør å investere. Om ikkje fleire investerer i jordbruket i Sogn og Fjordane er det stor fare for at produksjonen vil gå ned, i staden for å auke. Det er stor trong for investeringar i jordbruket i fylket. Mjølkeproduksjonen er den mest kapitalkrevjande delen. Vidare er det trong for investeringar i andre produksjonar som t.d. sau og frukt/bær.

Regionalt nivå i Sogn og Fjordane må, på grunn av ulike regionale utfordringar i fylket, få mynde til å sjølv å setje taket på investeringsstøtte. Det er slik det vert gjort i dei tre nordligaste fylka.

3. Det må bli stilt til rådvelde meir ressursar til beredskap i ei tid med endra klima og auka risiko for naturhendingar, noko som har alvorlege konsekvensar for avlingar og matforsyning.

3. Bakgrunn

Prosess

Fylkeskommunane er bedne om å kome med høyringsinnspel framom årets jordbruksforhandlingar, som tidlegare år. Fristen for å levere inn innspel er 1. februar, men grunna tidspunkta for dei politiske møta, må endeleg vedtak ettersendast når desse er gjort. Det er gitt aksept for slik ettersending.

Framlegget til høyringsuttale er basert på innspel frå næringsorganisasjonane og den offentlege regionale partnarskapen gjennom møte og drøfting på administrativt nivå.


Jordbruket i Sogn og Fjordane - status

Sogn og Fjordane er eit aktivt landbruksfylke der næringa utgjer ein større del av sysselsettinga og næringsstrukturen enn andre fylke. Fylket følgjer dei same trendane som elles i landet med meir effektiv produksjon, stadig større bruk, og nedgang i tal sysselsette knytt direkte til landbruket. Fylket har ein topografi som naturleg avgrensar kor store alle bruka kan vere og som gjer at det er meir arbeidskrevjande å produsere her i fylket enn til dømes i delar av Rogaland og Trøndelagsfylka.


Tabellar og tal som er nytta til illustrasjon er alle henta frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane¹.

Areal


Arealet vert i stort grad nytta til grovfôrproduksjon. Det er ein liten del av jorda som vert nytta til frukt og bær og åkerareal. Arealet i Sogn og Fjordane nytta til jordbruksføremål går ned. I perioden tala er henta frå har ein gått over til digitale kart som gjev eit meir nøyaktig bilete av arealet i drift slik at nedgangen vert større. Fylkesmannen si landbruksavdeling anslår at den reelle nedgangen er på om lag 30 000 dekar.



Likevel misser Sogn og Fjordane landbruksareal i eit større tempo enn resten av landet. Det er arealnedgang i alle kommunar unntatt Førde og Aurland. Arealet som til ei kvar tid er i drift endrar seg og det er det mest tungdrivne arealet som går ut av produksjon som følgje av modernisering og effektivisering av drifta. Ser vi på kystkommunane, er nedgangen størst her.




¹ <http://fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Statistikk-innan-landbruk/>




Ein stadig større del av matproduksjonen er basert på kraftfôr. Produksjon på kraftfôr er billigare og gjer at grasressursane tapar, noko som ikkje er gunstig for Sogn og Fjordane og dei andre vestlandsfylka som har god tilgang på dette.

Produksjon

Sogn og Fjordane er det sjette største mjølkeproduksjonsfylket i landet. Utviklinga i fylket følgjer resten av landet og det er i tidsrommet 2011 til 2012 ein auke i mjølkeproduksjonen. Tal mjølkekyr går ned, men kvart dyr produserer meir enn tidlegare. Likevel ser vi at fylket ikkje aukar like mykje som resten av landet. Snittkvoten på eit mjølkebruk i Sogn og Fjordane var i 2012 101 tonn. Dette er den lågaste snittkvoten i landet sjølv om kvotene har auka i fylket gjennom dei siste ti åra.




Ser vi på utviklinga på kysten, så gjeld den same tendensen som på areal. Mjølkeproduksjonen flyttar seg til andre delar av fylket og sjølv om utviklinga her og følgjer same tendens som resten av landet og fylket, er nedgangen mykje større her.





Kjøttproduksjonen følgjer same utvikling som mjølk og med lågare tal dyr i mjølkeproduksjonen gjer det til at produksjonen av storfe og vert lågare. Fylket tapar terreng mot resten av landet sjølv om utviklinga følgjer same tendens.

Sogn og Fjordane er eit fylke som eignar seg godt til produksjon av sau og er det fjerde største sauefylket i landet. I 2012 vart det produsert 2 031 tonn kjøtt som utgjer 9 prosent av den nasjonale produksjonen. Men her ser vi og at produksjonen har felle og at fylket ikkje greier å ta igjen resten av landet sjølv om ein har hatt auke, og no dei seinare åra, ei utflating i produksjonen.



Fylket har hatt gode resultat på frukt og bær og særleg bringebær dei siste åra. I 2012 produserte Sogn og Fjordane 74 prosent av samla produksjon av bringebær i landet. Nye sortar og produksjonsmetodar har gjort at ein har greidd å auke produksjonen med gode resultat. Men ser vi på samanlikninga av relative endringar mellom fylket og resten av landet har resten av landet auka sin produksjon meir enn Sogn og Fjordane, sjølv om fylket har greidd å tette dette gapet noko dei siste åra.




Sysselsetting

Sogn og Fjordane har framleis ein betydeleg av del av sysselsettinga knytt til landbruk samanlikna med resten av landet. 2633 personar var sysselsette innan jord- og skogbruk i Sogn og Fjordane i 4. kvartal 2012. Dette utgjer 4,6 prosent av dei sysselsette i fylket. Tilsvarende tal for landet elles er 1,9 prosent. Som vi ser av tabellen nedanfor, nærmar Sogn og Fjordane seg (sakte) resten av landet i utvikling.

Sogn og Fjordane har i tillegg fleire bedrifter i næringsmiddelindustrien og det er rekna at det er om lag 1000 arbeidsplassar knytt til foredlingsbedriftene². Vidare legg landbruksnæringa grunnlaget for arbeidsplassar knytt til leverandørindustri, transport og tenestekjøp.

² Regional bygdeutviklingsstrategi 2013-2016 Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



Investeringar

Det er blitt investert mykje i landbruket dei siste åra, noko som både har samband med at mange driftsbygningar rundt omkring som vart bygde i tidlegare store utbyggingsrunde på 70- og 80-talet no er modne for utskifting. Særleg kapitalkrevjande er investering i mjølkeproduksjonen som er ein av våre hovudproduksjonar.

Tilgangen på investeringsmidlar er jamt over god, men retningslinjer for tilskot er fastsett sentralt og gjev grenser for korleis ein kan gje investeringstilskot. Det er krav om lausdrift. Dette gjer at det berre vert gjeve tilskot til ombyggingar frå bås- til lausdrift. Kostnadane ved slike ombyggingar vert ofte så store at søkjar stangar i tilskotstaket og får då ikkje naudsynt tilskot til ombygging. Alternativet er då at det ikkje vert ombygging og at produksjonen vert lagt ned. Det må verte rom for meir regional mynde på dette feltet slik at investeringsmidlane kan tilpassast lokale tilhøve, for å vere med på å halde på produksjonen og medverke til at denne vert auka.

Fylkesdelplan for landbruk i Sogn og Fjordane 2002

Ved handsaming av Fylkesplanen 2001-2004, vedtok fylkestinget at det skulle utarbeidast ein fylkesdelplan for landbruk 2002. Denne planen tok føre seg status og utviklingstrekk ved landbruket i fylket. Dei utfordringar som vert skildra her, er framleis gjeldande. Fylkesdelplanen skisserer følgjande hovudmål og delmål:

Hovudmål:

- Livskraftige bygder i Sogn og Fjordane

Delmål:

- Halde på fylket sin relative del av matproduksjonen i Noreg.
- Vedlikehalde og fornye kulturlandskapet.
- Auke næringsmessig utnytting av skog og utmark.
- Styrke økonomien i bygdenæringane.
- Bygda som ein god plass å bu.

4. Vurdering og konklusjon

Sogn og Fjordane har gode føresetnader for å produsere mat basert på grovfôr. Dette pregar hovudproduksjonane våre; mjølk og kjøt frå storfe og sau. Vidare har fylket gode produksjonsmiljø for frukt og bær. Desse miljøa har hatt særst gode resultat dei siste åra. Tala syner at tal dyr, areal og produksjon generelt minkar. Fylket følgjer dei same trendane som elles i landet, med færre og større bruk. Til dømes vert det høgare produksjon per ku. Færre sysselsette i landbruket er ikkje unormalt når ein ser den samla utviklinga i jordbruket.

Vi registrerer at fylket tapar, samanlikna med resten av landet. Dei negative utviklingstrekk er sterkare i Sogn og Fjordane enn i resten av landet. Ei særleg kjelde til uro er utviklinga på kysten i fylket, der vi ser at dei negative utviklingstrekk vert endå³ meir forsterka. Med stadig færre som driv aktivt jordbruk på kysten, vil og fagmiljøa forvitre og tilknytte bedrifter vil forsvinne. Det er eit nasjonalt og regionalt mål å auke matproduksjonen i landet og i fylket. Vi har utviklingstrekk som gjer at det er vanskeleg å nå dei måla som er sette. Den negative utviklinga må snuast.

For å kunne lukkast med å rekruttere nye aktørar til næringa må inntektsmoglegheitene vere slik at det er forsvarleg å investere høge summer og bruke mykje tid. Nye produksjonsmetodar og nye teknologiske løysingar er med på å gjere næringa attraktiv. Men næringa har og trong for stabile rammevilkår, til liks med andre næringar, for at aktørane skal tore å satse.

Sogn og Fjordane krev av rammevilkåra vert gode for produksjonar som legg grunnlaget for stor verdiskaping knytt til produksjon av mat. Det vil også legge grunnlaget for mange andre bedrifter og arbeidsplassar.

Mjølkeproduksjonen er den viktigaste, i tillegg til sau, frukt og bær.

Sogn og Fjordane har gode føresetnader for å medverke til å nå dei nasjonale måla om auka matproduksjon. Fylket har stor og god tilgang på grovfôr og utmarksbeite, noko som må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse resursane vil vere med på å hindre attgroing og stimulere til eit aktivt jordbruk. Dette er også viktig i reiselivssamanheng.

Dette saksførelegget er basert på dei innspela fylkeskommunen har motteke i høve saka og tidlegare fråsegner som er gjevne frå vår side.

³Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane